HJELMELAND
KOMMUNE

PLANVASK

REGULERINGSPLANAR



Kommuneplanen sin arealdel 2027-2039

Høyringsutkast 2026

Innhald

1 Innleiing og bakgrunn....4
1.1 Kva er planvask ? 4
1.2 Reguleringsplanar aktuelle for planvask....4
1.3 Prinsipp og føringar 4
1.4 Forklaring og kopling til kommuneplanen sin arealdel....6
2 Reguleringsplan foreslått å oppheve....7
2.1 R3 – «1/1 Dalen, Randøy»....7
2.2 R4 – «1/7 – Ølesund hytter», Randøy....8
2.3 R8 – «Breivik, Randøy» 9
2.4 R21 – «13/1 Knutsvik, Jøsneset» 11
2.5 R23 – «14/9 Jøsneset skule» 13
2.6 R24 – «18/5, 21/1 Ytre Eiane, Jøsneset» 15
2.7 R25 – «19/3, Nesvik», Jøsneset 17
2.8 R30 «39/4,5,6 Litlevik, Fundingsland»....19
2.9 R31 – «35/1 – Tøtlandsvika, Vormedalen»....20
2.10 R35 – «52/1 – Bjødnabu», Hjelmeland....22
2.11 R36 – «53/1 Gåsavatnet», Fjedlet....24
2.12 R49 – 65/3 mfl – «Askvika-Hundsnes bustadfelt», Hjelmeland 26
2.13 R52 – «Askvikholmen», Hjelmeland 27
2.14 R54 – 71/ Viganeset industriområde - Sør 28
2.15 R55 – «71/ Viganeset industriområde, nordre del»....30
2.16 R57 – «73/1 Barnevik, Fister»....33
2.17 R62 – «74-3 Midtre Fister» 35
2.18 R84 – «89/15,26 Børøy aust» 37
2.19 R87 – 90/1,5 – «Grimsneset», Randøy 39
2.20 R95 – Gnr 102 og 103 - Årdal skule 40
2.21 R128 – «47/4 Storaneset», Breilandsvatnet 42
2.22 R101 – «128/1-2 Kaltveits utmark» - Lyngsheia 43
2.23 R106 – «142/21 – Nessa» 44
2.24 R117 – «138 mfl Soppeland» 45
2.25 R133 – «22/1 Bastbergeneset, RV13», Indre Ryfylkevegen....47
2.26 R126 – «28/1 Melandsmoen/Vadla» - Jøsenfjorden....48
2.27 R134 «142/1 mfl Nessavatnet hyttefelt»....50
2.28 R136 -58/29,30 «Hjelmeland Panorama Bustadfelt», Hjelmeland 52
2.29 R147 Gullbergvika bustadfelt – Randøy 53

2.30 R153 -58/1,2 «Områdeplan Sæbø- Flåtene», Hjelmeland 55
3 Reguleringsplanar foreslått redusert/endra 56
3.1 R43 – «59/ Prestagarden 2» – Hjelmeland 56
3.2 R47 – «62/ Sande», Hjelmeland 58
4 Reguleringsplanar foreslått vidareført 59
4.1 R123 – 39/2 – Giskelid», Vormedalen 59
4.2 R56 – «73/1, Barnevik tømmerkai», Fister 62
4.3 R28 – «28/6 – Mælandsmoen bustadfelt», Jøsenfjorden 64
4.4 R 114 – 1/11 Øye bustadfelt - delområde sørvest, Randøy 68
4.5 R129 – «106/2 – Dalane II», Årdal 72
4.6 R121 – «32/3 Skorpemyr-Haugavika, Jøsenfjorden» 74
4.7 R119 – «129/4 – Leitet», Årdal 77
4.8 R122 – «32/29 – Haugevika, Jøsenfjorden» 79
4.9 R22 – «13/4 – Søre Knutsvik, Jøsneset» 82
4.10 R48 – «63/2 – Pundsnes», Hjelmeland 84
5 Oversikt planar tilrådd å oppheve -heilt eller delvis 87
6 Liste - Reguleringsplanar som ikkje er planvaska 89

1 Innleiing og bakgrunn

1.1 Kva er planvask ?

Planvask går ut på å oppdatere og revidere arealplanar ved å vurdere, endre og eventuelt oppheve planar for kva eit område skal nyttast til, eller korleis det kan byggjast i området.

Dette er i tråd med plan- og bygningslova § 12-4, femte ledd, som krev oppdatering av eldre planar ved byggjesøknader i nye utbyggingsområde.

Føremålet med dette er å sikre at plangrunnlaget er oppdatert med omsyn til dagens kunnskap, lovverk og vedteken arealstrategi. Planvaskarbeidet knytast til revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA), og der ein foreslår oppheving av reguleringsplanar blir dette følgt opp med endringar i KPA.

1.2 Reguleringsplanar aktuelle for planvask

I følgje formannskapsvedtak 040/26 18.03.2026, om grovsiling og planvask for kommuneplanen sin arealdel skal urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planperiodar vurderast planvaskast ut, særskild planar med andre formål enn bustad og næring/industri (som er prioriterte tema i KPA)

Totalt har me i Hjelmeland 98 reguleringsplanar som er eldre enn 15 år (vedteke før 01.01.2012)

Dei planane som er definert som ferdig realisert blir ikkje planvaska, dvs planar som er ferdig utbygd eller i all hovudsak er ferdig utbygd. Dette gjeld 59 planar (av dei 98) – desse er lista opp i kap. 5 i dette dokument..

Dette notatet omhandlar resten av dei 98 planane, dvs **42 planar**: Desse er ikkje realisert, ikkje starta utbygging eller som framleis har mykje urealisert areal i planen. Det kan vere visse unntak frå dette, td fordi planformålet i reguleringsplanen ikkje stemmer med kommuneplan eller dagens arealbruk, eller at det kartlagd viktig natur eller andre årsaker som går fram av den konkrete vurderinga i den enkelte plan

Generelt er det slik at kommunane står fritt til å endre eller oppheve arealføremål i KPA eller gamle reguleringsplanar utan å verta erstatningspliktige. Kommunane kan ta opp til vurdering arealbruken i godkjente reguleringsplanar så lenge det ikkje er gitt løyve til å bygge/ igangsette tiltak i planområdet (så lenge løyvet er gyldig dvs. igangsett seinast 3 år etter løyvet er gitt). Det same gjeld utbyggingsføremål som ligg i kommuneplanen sin arealdel som er bygd eller ubygd.

1.3 Prinsipp og føringar

Viser til **arealstrategi** i Kommuneplanen sin samfunnsdel, vedtatt av Kommunestyret juni 2025.

Viser til formannskapssak 040/26 18.03.2026, om grovsiling og planvask for kommuneplanen sin arealdel:

> 1. **Planvask**: urealiserte regulerte felt eldre enn 15 år og urealiserte felt som har vore i kommuneplanen meir enn to planrevisjonar skal vurdarast planvaskast ut, særskild planar med formål som ikkje er prioritert ift opplistinga under.

I planvaskprosessen skal altså både framtidige område i kommuneplanen og regulerte felt vurderast. Dette dokumentet omhandlar **reguleringsplanane**.

I vurderinga om planane skal vidareførast eller ikkje er det lagt vekt på:

- Alder: primært planar eldre enn 15 år
- Ikkje realisert eller delvis realisert/lite interesse for realisering. Kva har skjedd i planområdet etter vedtak?
- Sannsynlegheit for realisering: legg planen til rette for at den lar seg realisere?
- Kommunen sin vedtekne arealstrategi og nasjonale føringar for planlegging
- Behov: t.d. sjå i lys av planreserven for fritidsbustader i kommunen jf. vedtatt arealstrategi
- Planteknisk: me har mange gamle unøyaktige rasterplanar utarbeidd på grovt unøyaktig kartgrunnlag eller ortofoto som ikkje tilfredsstiller dagens krav til planframstilling.
- Utbygd situasjon samsvarer ikkje med plan: det heng ofte saman med alder og planteknisk standard, gamle unøyaktige kart og tidlegare praksis/mindre presisjon i bygge/delesaker. I slike tilfelle kan reguleringsplan vere lite hensiktsmessig å oppretthalde.
- Interessekonflikt: t.d. konflikt til omkringliggjande arealbruk som t.d. er vedteke i ettertid
- Samsvar med gjeldande kommuneplan? Dersom motstrid kan ein vurdere oppheving av detaljreguleringsplan
- Arealtype/Markslag: t.d. vil utbygging på fulldyrka jord vere i strid med vedtatt arealstrategi
- Tidlegare KU/ROS: krav til risiko- og konsekvensutgreiing var på eit enklare nivå tidlegare, og for eldre planar heilt manglande. Ny kunnskap og nye utgreiingskrav kan gjere at utbygginga ikkje tilfredsstiller dagens krav til planlegging.
- Kartlagde naturverdiar eller andre interesser som planen ikkje ivaretek.

Oppheving av planar følgjer dei same reglane som ved utarbeiding av nye planar, jf. plan- og bygningslova § 12-14, første ledd. Dette inneber at berørte partar skal få høve til å uttale seg før planen vert oppheva. Når ein reguleringsplan vert oppheva, vil kommuneplanens arealdel gjelde for området.

1.4 Forklaring og kopling til kommuneplanen sin arealdel

I dette notatet er planane sortert i kapittel etter korleis ein tilrår å handtere dei vidare:

Kapittel 2: Planane som blir tilrådd å oppheve og ta ut av kommuneplanen

Alle planar som blir tilrådd å ta ut av kommuneplanens arealdel blir foreslått endra frå utbyggingsformål til LNF eller grovtolka til andre «erstatningsformål». Dette er for å sikre at eksisterande bygningar og anlegg som ligg i reguleringsplanen i dag ikkje skal få vesentleg ulempe. Då vil kommuneplanen blir direkte styringsverktøy. Dette går fram av tilrådinga til kvar enkelt plan «gjere følgjande i kommuneplanen».

Det blir sett i gong eigen prosess for oppheving av reguleringsplan, jf plan-og bygningslova kapittel 12.

Kapittel 3: Planane som blir tilrådd redusert/endra

For desse planane kan det vere aktuelt å oppheve delar av planområdet, medan andre deler kan vidareførast som utbyggingsformål med ev krav om ny regulering.

Det er gjort ei grovtolking av reguleringsplanformåla, og dei ein finn det tenleg å vidareføre, blir desse innarbeidd i KPA med rett formål og tilhøyrande tabell med forklaring.

Det kan td gjelde vidareføring av føresegner oa til området (td storleik hytter) som kan vere tenleg å oppretthalde. Området vil då kunne forvaltast etter KPA.

Kapittel 4: Planar tilrådd vidareført

Arealet markert som «detaljeringssone reguleringsplanen gjeld» og tilhøyrande påskrift reguleringsplan-ID.

2 Reguleringsplan foreslått å oppheve

2.1 R3 – «1/1 Dalen, Randøy»





Årstal planvedtak	1996, planendring 2006
Føremål	Fritidsbustadar
Status realisering	Delvis urealisert: 1 av 5 tomter bygd, denne er utleigehytte. Dei 4 ubebygde tomtene er frådelt
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 4 daa (4 tomter)
Markslag (ar5) for planreserven	Skog, grunnlendt, berg i dagen
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: reguleringsplanen gjeld. Byggegrense lagt inn kun rundt eksisterand hytte
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering
Planen er 30 år gammel og kun ei av fem tomter er realisert. Den bygde hytta er ikkje frådelt, og er registrert som utleigehytte.

Dei fire resterande tomtene er kun frådelt, ikkje utbygd. Området er svært bratt, og ligg direkte i strandsona. Utbygginga vil medføre ein god del terrenginngrep, både ift hyttebygget, men òg ifm teknisk infrastruktur. Utbygging så nært sjøen er i strid med nasjonale føringar/eigen arealstrategi.

Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til planlegging; ikkje utført KU/ROS eller naturkartlegging

Tilråding

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Legge byggeformål fritidsbustad med byggegrense rundt eksisterande hytte.
- Tilbakeføre resten til LNF.

2.2 R4 – «1/7 – Ølesund hytter», Randøy





Årstal planvedtak	1991
Føremål	Utleigehytter og bustad
Status realisering	Delvis realisert - Bustad og 3 av 5 hytter bygd.
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 5 daa
Markslag (ar5) for planreserven	Skog/bebygd
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone «reguleringsplanen gjeld» Byggeområde fritidsbebyggelse , Lagt inn byggegrense. Ekisterande bustad ligg i LNF.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 35 år, delvis realisert, men dei tre bygde hyttene er ikkje utleigehytter slik reguleringsplan tilsa, og bustadhuset er ikkje plassert i tråd med plan/dels utanfor planområdet. Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav. Det er regulert to urealiserte hytter; desse ligg heilt i strandkanten, i svært bratt terreng rett nedanfor fylkesvegen. Vanskeleg terreng og tilkomst. Hyttene er ikkje i tråd med dagens strandsoneforvaltning og arealstrategi.

Tilråding

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen.:

- Eksisterande hytter/hus/naust: leggjast inn som byggeformål. Byggegrense mot sjø
- Eksisterande brygge og naust: leggjast inn som byggeformål
- Legg inn byggegrense korrigert mot formål
- Ubebygde areal blir tilbakeført til LNF

2.3 R8 – «Breivik, Randøy»





Årstal planvedtak	2003 - siste delområde igjen etter større plan for hytter og hus
Føremål	Felles småbåthamn land/sjø, felles parkeringsplass, friluftsområde land og friområde sjø/badeplass
Status realisering	Det er berre dette arealet/regulert båthamn mm som er igjen av opphavleg reguleringsplan, og småbåthamn og naustanlegg er bygd. Bustad og hyttefelt er delvis realisert og erstatta av nye reguleringsplanar.
Ubebygd areal (planreserven)	Mesteparten bebygd, dvs ingen planreserve
Markslag (ar5) for planreserven	Mesteparten bebygd
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone : Reguleringsplan gjeld, lagt inn byggegrense. Kplan: Friområde og småbåthamn land/sjø: Men formåla i regplan og kplan stemmer ikkje heilt overeins. Temakart snøras
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 23 år gammal, og for så vidt realisert. Men planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav og utbygd situasjon samsvarer ikkje heilt med byggeformål avsett til dette. Dermed har planen liten forvaltningsverdi. Innregulert parkeringsplass er ikkje etablert; då truleg ikkje behov for dette, men veg ned til sjøen er i strid med planen. Heile planområdet er delt frå som eigen eigedom.

Tilråding

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:
- Eksisterande småbåthamn/naust/tilhøyrande veg: leggjast inn som eksisterande byggeområde småbåthamn/naust, og vil få generell føresegn Naust, brygger, småbåtanlegg.

- Byggegrense reduserast til å kun omfatte utbygde tiltak naust, småbåthamn med veg
- Resten tilbakeførast til LNF med omsynssone friluftsliv

2.4 R21 – «13/1 Knutsvik, Jøsneset»





Årstal planvedtak	1997
Føremål	Fritidsbustadar med tilhøyrande anlegg som køyreveg, småbåthamn, parkering.
Status realisering	Delvis realisert: 5 av 7 hytter bygd , 2 resterande er frådelte tomter.
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 2 daa (to frådelte tomter).
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Byggeområde fritidsbustad med detaljeringssone: Reguleringsplan gjeld. Temakart steinsprang, snøras for deler av området
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 29 år gammal, og svært skjematisk, grov og unøyaktig og dårleg rasterplan. Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til planlegging verken planteknisk eller ift dokumentasjonsgrunnlag. Tomtedelinga og hytteplasseringane, vegtrasear mm stemmer ikkje med plankartet. Det er to urealiserte hytter som er frådelt, men tomteplasseringa stemmer ikkje med plankart. Planen er såleis uansett eit dårleg forvaltningsgrunnlag. Det er regulert inn småbåthamn ved gamlekaien Knutsvik. Den er ikkje realisert, det ligg ei steinfylling i sjøkanten. Eitt eksisterande naust er regulert inn. I førre planperiode 2019 blei det godkjent fortetting av området – nytt framtidig felt H3 med plankrav. H3 og H16 er føreslått tatt ut av kommuneplanen av omsyn til mogleg framtidig masseuttak for Knutsvikheia.

Ettersom det er opparbeidd infrastruktur til dei to planlagde/urealiserte hyttene, kan desse grovtolkast inn i kommuneplanen som byggeformål fritidsbustad.

Tilråding

Oppheve reguleringsplan

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Hyttene blir liggande i byggeområde fritidsbustad som var H2 i gjeldande kplan.
- Eksisterande regulert naust leggjast inn som anna byggeområde/naust m/generell føresegn
- Småbåthamn utgår og endrast «bruk og vern av sjø og vassdrag»
- Resten (herunder tunet) endrast til LNF

2.5 R23 – «14/9 Jøsneset skule»





Årstal planvedtak	1982
Føremål	Offentleg formål, skule
Status realisering	Realisert og utbygd
Ubebygd areal (planreserven)	0
Markslag (ar5) for planreserven	Ikkje aktuelt
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: reguleringsplanen gjeld. Arealet er lagt ut som byggeformål offentleg/privat tenesteyting Kommuneplanen overstyrer delvis: Jf kap. 1.5 tenesteyting : «*Skule/barnehage er nedlagd. Arealet er regulert til offentleg formål, men er i kommuneplanen endra til tenesteyting/ allmennyttig formål; primært forsamlingslokale/grendehus, men kan òg nyttast til næringsformål/enkel tilrettelegging turisme som ikkje krev nybygg td bubilparkering /enkel overnatting/kafèdrift*» Temakart: Jord-og flaumskred, snøskred og steinsprang
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Hovudformålet i planen (offentleg skule) er opphøyrd; skule/barnehage er nedlagd. Planen er 44 år, og formålet er ikkje relevant ift dagens arealbruk. Bygga i planområdet er kommunale, og er pr i dag Jøsneset grendahus (to bygg; gymsal og gammalt skulebygg) + uteanlegg/ballbane med scene og leikeplass + branngarasje. Funksjonen grendahus og branngarasje er framleis aktuelt, men området kan forvaltast gjennom kommuneplan

Tilråding
Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Arealet vidareførast som byggeområde eksisterande offentleg eller privat tenesteyting med justert avgrensing ift reell arealbruk; følg eigedomsgrenser og ta med offentleg høgdebasseng vatn. Utvidingsområdet inn på 14/5 endrast til LNF, og arealet over fylkesveg korrigerast.
- Vidareføre føresegn og retningslinje ift bygg, uteområde òg branngarasje.

2.6 R24 – «18/5, 21/1 Ytre Eiane, Jøsneset»





Årstal planvedtak	1984
Føremål	Fritidsbustadar
Status realisering	Delvis realisert: 6 hytter av 17
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 10 daa
Markslag (ar5) for planreserven	Skog/fjell
Status gjeldande kommuneplan	Eksisterande hytter ligg som byggeområde fritidsbustad. Kommuneplanen overstyrer: Feltet ferdig utbygd
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 42 år gammal. Sjølv om delar av planen er realisert, dvs. 6 av 17 planlagde hytter er bygd, tilfredsstiller den ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav. Det er ikkje utført KU/ROS eller naturkartlegging. Dessutan har Statens vegvesen gjennom tidlegare kommuneplanrulleringar kravd at planen skal sjåast på som ferdig utbygd; dette framgår av våre to siste kommuneplanar, sist KPA 2019. Dette pga at planområdet ligg på begge sider av RV13, hyttene på oppside og friområde/badeplass/båtplass på nedside.

Reguleringsplanen er allereie grovtolka inn i kommuneplanen ved at eksisterande hytter ligg i byggeområde fritidsbustad med byggegrense mot sjøen, og resten er LNF.

Det er opparbeidd to avkjørsler til eksisterande bygde hytter på nordsida av RV13. Mot sørsida av RV13 er det ei eksisterande avkjørsel og ein open plass (regulert rasteplass) opparbeidd av Statens Vegvesen. Denne er sommaren 2026 under oppgradering med tilhøyrande Nasjonal Turistveg-kunstprosjekt. Det er elles ein enkel sti ned til regulert friområde.

Tilråding

Oppheve reguleringsplanen.

Gjere følgjande til kommuneplanen:
- Eksisterande hytter : Oppretthalde grovtolkinga som byggeformål eksisterande fritidsbustad

med tilhøyrande byggegrense.
- Regulert vegformål: samferdselslinje RV13
- Regulert rasteplass: samferdselsanlegg parkering
- Vidareføre resten som reint LNF.

2.7 R25 – «19/3, Nesvik», Jøsneset





Årstal planvedtak	1998 Store deler av den opphavlege planen er erstatta av nye reguleringsplanar: R171 Nesvik ferjekai og 202601 Nesvik bustadfelt: tre framtidige bustadtomter
Føremål	I restområdet av planen: Ein bustad, tre fritidsbustader, naustområde, landbruk/friområde(badeplass) og offentleg veg
Status realisering	Alt som er igjen av det opphavlege planområdet er realisert, med unntak av eitt naust.
Ubebygd areal (planreserven)	Ingen (berre eksisterande bygg inngår i plan)
Markslag (ar5) for planreserven	Ikkje aktuelt
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplanen gjeld. I tillegg er planen grovtolka , det lagt byggegrense rundt eksisterande hytter, hus og naust i 100-m beltet. Kommuneplanen overstyrer i aust med framtidig småbåthamn ved gamlekaien, S1, og eit par mindre utvidingar av eksisterande/regulert småbåthamn
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 28 år gammal, og blei i si tid laga for forretningsområde og småbåthamn ved ferjekaien mm. Forretningsområdet blei regulert ut ved ny plan for ferjekaien, og småbåthamna er realiserert/inngår òg i ny plan. Det er kun mindre deler igjen av den opphavlege planen, og det som er igjen er eksisterande bebyggelse (hytter, hus, naust) + friområde/badestrand.

Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til planlegging verken planteknisk/framstilling (er heller ikkje digitalisert) eller dokumentasjonsgrunnlag. Det er ikkje utført KU/ROS eller naturkartlegging.

Det er allereie gjort noko grovtolking i kommuneplanen ift formål.

Tilråding

Oppheve reguleringsplan

Gjere følgjande i kommuneplan:

- Eksisterande bustad/fritidsbustad/naust: inn som eksisterande byggeformål, med byggegrenser for dei som er i 100 m beltet frå sjø
- Naustområdet: ta òg med framtidig naust med generell føresegn

- RV13,fylkesveg og kommunal veg: leggjast inn som samferdselslinje

- Friområde/badeplass land: oppretthalde som friområde
- Badeområde i sjø: friområde/friluftsområde
- Resten inkl tunet : LNF

2.8 R30 «39/4,5,6 Litlevik, Fundingsland»





Årstal på planvedtak	2005
Føremål	Fritidsbustadar – hytter, 3 stk
Status realisering	Utbygging ikkje påbegynt
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 3 daa som er regulert til byggeføremål i planen
Markslag (ar5) for planreserven	Skog, og fylkesveg som går gjennom området
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan gjeld, med omsynssone verna vassdrag og faresone for temakart snøras
KU/ROS	Ikkje gjennomført etter dagens standard

Vurdering:

21 år gammal, urealisert plan like ved Fundingslandsvatnet. Ligg i eit område med lite inngrep/bebyggelse og i sone for verna vassdrag Vormo. Ikkje gjennomført KU/ROS etter dagens standard og det er nok planreserve i kommunen for fritidsbustadar.

Tilråding:

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen: tilbakeføre arealet til LNF

2.9 R31 – «35/1 – Tøtlandsvika, Vormedalen»





Årstal planvedtak	1998 + mindre endring 2000
Føremål	Småbåthamn, friområde/badeplass, bevaringsområde for naust
Status realisering	Planen blei endra med anna plassering av småbåthavn i 2000: denne er realisert.
Ubebygd areal (planreserven)	Området er utbygd – planreserve er difor 0. Reguleringsplan fins berre på papir. Byggeområde avsett i kommuneplan: 4,6 daa (båthamn + naustområde)
Markslag (ar5) for planreserven	Ingen planreserve. Markslag i plan består av hav og open fastmark
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplan gjeld, men overstyrt av kommuneplan i vest (reiseliv), byggegrense framgår av KPA. Temakart jord-og flaumskred, steinsprang/snøskred.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 28 år. Alderen på planen er i seg sjølv kriterie for å vurdere oppheving. Den tilfredsstiller ikkje dagens krav til planteknisk framstilling eller dokumentasjon. Hovudformålet med planen var nok småbåthamna. Plassering på denne er endra, og den er realisert. Elles legg ikkje planen opp til meir utbygging, snarar tvert imot. Den legg opp til bevaring av dei 6 nausta (ingen nye) og badeplass. Planen er overstyrt av kommuneplanen i vest der det er lagt inn framtidig reiseliv. Med unntak av naustområdet og badeplassen er det lite som stemmer mellom plan og eksisterande situasjon.

Men det er seks eksisterande/bevaringsverdige naust, friområde og eksisterande felles småbåthamn i planen er viktig å oppretthalde. Dette kan gjerast gjennom kommuneplan.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Nausta: eksisterande byggeområde naust + omsynssone kulturmiljø, tabell med eiga føresegn.
- Stranda i aust : oppretthalde som friområde land/sjø
- Eksisterande småbåthamn med tilhøyrande landareal: blir oppretthalde som eksisterande småbåthamn, byggegrense korrigerast rundt eksisterande anlegg.
- Kai og veg: oppretthaldast som vegareal/felles p-plass
- Trafikkområde sjø: oppretthaldast som «bruk og vern av sjø og vassdrag»
- Resten av planområdet i vest dvs det arealet som er reiseliv RL3 i kommuneplanen: oppretthaldast som reiseliv, men med reduksjonar mot sjø og elv .
  Byggegrense legges i formålsgrense.
- Resten, dvs regulert landbruksområde bak naust: blir LNF

2.10 R35 – «52/1 – Bjødnabu», Hjelmeland



Årstal planvedtak	2002
Føremål	Fritidsbustadar og friluftsformål
Status realisering	Delvis realisert: 3 av 7 hytter bygd
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 4 daa som ikkje er bebygd (4 tomter) Ca 29 daa innafor det gule området som ikkje er bebygd
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: reguleringsplanen gjeld. Omsynssone friluftsliv ved vatnet. Nåværande turvegtrase gjennom planområdet.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Det er delt frå/bygd tre hytter, derav to i den seinare tid.
Vegen er opparbeidd i strid med planen, og vil skape utfordring for etablering av nye tomter, fordi tomteplassering må endrast tilpassast vegen (eller vegen byggjast om). Det har vore vist interesse for vidare realisering i feltet nå i seinare tid, men dette vil krevje planendring – har hatt møter med utbyggjar/grunneigar om dette. Det er òg nyleg registrert verdifullt naturområde (kystlynghei) i planområdet, som kjem i konflikt med nokre av dei regulerte tomtene – og som krev omsyn. Dei tre eksisterande hyttene ligg i kartlagd naturområde.



Utsnittet viser kartlagd kystlynghei – utvald naturtype

Tilråding

Oppheve reguleringsplan

Gjere følgjande i kommuneplanen:

Eksisterande 3 hyttebygg: leggjast inn som eksisterande byggeformål fritidsbustad
Ikkje gi rom for utviding av hyttene pga omsyn natur
Dei resterande tomtene/byggeformålet endrast til LNF
Kartlagd natur/kystlyngheia: leggjast inn som omsynssone natur
Regulert friluftsområde endrast til LNF og omsynssone friluftsliv korrigerast.

2.11 R36 – «53/1 Gåsavatnet», Fjedlet





Årstal planvedtak	1998, med mindre planendring 2001 (flytting hyttepunkt/parkering)
Føremål	Landbruk og fritidsbustadar med felles p-plasser
Status realisering	Delvis realisert. 3 av 6 hytter bygd, men desse er ikkje bygd slik plasseringa i reguleringsplan viser.
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 3 daa (3 tomter)
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Grovtolka i to delområde/byggeområde fritidsbustad med LNF mellom. Reguleringsplan skal gjelde.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 28 år, delvis realisert sjølv om det er store avvik mellom planen og det som er bygd. Det er òg gjort endring i planen som planteknisk ikkje er innarbeidd i planen. Gammalt unøyaktig kartgrunnlag. Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav. Ikkje utført ROS og/eller naturkartlegging. Planen er uansett eit dårleg forvaltningsgrunnlag. Grunneigar har nyleg ytra ønskje om å realisere fleire av de regulerte hyttene, men dette er vanskeleg utan planendring, då det er mykje som ikkje stemmer i gjeldande plan. Kommunedirektøren har i dialog med grunneigar òg uttalt at ein kan vere positiv til å få realisert dei tre ubebygde hyttene, men at desse må samlast meir i nordaust, ved eksisterande infrastruktur. Dette kan ikkje gjerast utan reguleringsplanendring.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:

Nordre del med eksisterande hytter: legg ut som framtidig byggeområde fritidsbustad med krav om ny reguleringsplan og fortetting, maks 3 nye hytter.

Tilbakeføre resten av området til LNF

2.12 R49 – 65/3 mfl – «Askvika-Hundsnes bustadfelt», Hjelmeland



Årstal planvedtak	1995. Siste endringar 2008 og 2014. I endring som er vedteke 2014 blei planen fortetta med to nye bustadtomter og justering av vegtraseen. Planen omfatta tidlegare også naust og fiskeribruk i sjø, men området nord for fylkesvegen inngår nå i andre planar - fylkesveg(R164), induustri (R51) og småbåthamn (R167)
Føremål	Bustad. Ei tomt regulert til kontor.
Status realisering	5 av 12 tomter i nordre felt har eldre bebyggelse. I sør er ein eldre bebygd eigedom. Det er ikkje bygd ut nytt innafor planområdet i etter reguleringsplan.
Ubebygd areal (planreserven)	9 daa regulert til bustad og 1 daa regulert til veg som ikkje er bebygd
Markslag (ar5) for planreserven	skog
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplanen gjeld.
Tidlegare KU/ROS	I 2012 blei det laga støyrapport for planområdet og ros-vurdering for tomt nr 12.

Vurdering

Området er vurdert under innspel 3 og 20 i Tema_Bustad. Der er det konkludert med å ta ut bustadområdet m.a. på grunn av nærleik til industri og utfordringar med infrastruktur.

Tilråding

Oppheve planen jf vurdering i Temanotat bustad

Gjere følgjande i kommuneplanen :
Eksisterande bustader : leggjast inn som byggeformål bustad med generell føresegn, inkludert byggegrense sjø.

Byggegrenser lang fylkesvegen leggjast inn i kommuneplankartet

Resten av arealet endrast til LNF

2.13 R52 – «Askvikholmen», Hjelmeland



Årstal planvedtak	1995
Føremål	1 hytte på holmen, eitt eksisterande naust og molo
Status realisering	Landsida: delvis realisert, molo, naustet stod før reguleringsplanen blei vedteke Holmen: Hytte ikkje bygd.
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 0,74 daa som er regulert til hytte på holmen.
Markslag (ar5) for planreserven	Open fastmark
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Gjeldende reguleringsplan, men ifl tabell kap 6.7: kommuneplanen overstyrer reguleringsplanen. Landsida: byggegrense rundt molo, Holmen: LNF utan byggegrense rundt hytte (betyr i praksis at regulert hytte er i strid med kplan. Temakart – Jord- og flomskred, snøras (på land)
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 31 år. Alderen på planen og planteknisk standard er i seg sjølv kriterier for å vurdere oppheving. Den tilfredsstiller heller ikkje dagens krav til dokumentasjon. Manglar ROS og naturkartlegging. Det har ikkje vore vist interesse for utbygging på holmen. I strid med nasjonal strandsoneforvaltning og kommunen sin arealstrategi.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:
Holmen: endre til LNF + omsynssone natur (viktig hekkeområde for sjøfugl)

Landsida: Eksisterandenaust og brygge som blir lagt ut som eksisterande «anna byggeområde naust» med tilhøyrande byggegrense og generell føresegn . Resten LNF.

2.14 R54 – 71/ Viganeset industriområde - Sør





Årstal planvedtak	1998
Føremål	Industri + landbruk, bevaringsområde kulturmiljø og spesialområde avfallsanlegg
Status realisering	Industriområdet er delvis realisert/under realisering; dvs alle eigedommane er seld ut til private næringsaktørar og anten bygd ut eller brukt som lagerareal/depot. Areala er ikkje intensivt utbygd. Truleg fortettingspotensiale.
Ubebygd areal (planreserven)	Alt byggeareal er opparbeida, dvs planreserve = 0
Markslag (ar5) for planreserven	Ingen planreserve. Stort sett open fastmark eller bebygd innafor regulert industriområde
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone : reguleringsplanen gjeld, NB: Delar av planområdet er overstyrt av kommuneplanen: idrettsanlegg på 71/7 i sør, akvakulturanlegg i sjø
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 28 år gammal, og er altså den opphavlege planen for heile Viganeset industriområde (også nordre del) . Det har pågått og pågår industribygging/utvikling på arealet kontinuerlig, og det har kome innspel om utviding både i vest og aust (heile Viganeset òg lengre aust Rophammar)

Næringsformålet er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og vedtatt arealstrategi, der det er prioritert som eitt av dei to viktigaste industriområda i kommunen (saman med Svadberg/Årdal). Området ligg mot fjorden, men industriformålet strekk seg ikkje ned til strandlinja og det er ikkje kaiareal. Det er pågåande drift i akvakulturanlegget kveite i sjøområdet i vest, like utanfor industriområdet.

Men det er òg **utfordringar for vidare utvikling** av dette området:
Planen er gammal, relativ dårleg reint planteknisk, basert på eldre kartgrunnlag og det er ein del som ikkje stemmer mellom plan og utført situasjon, og det er noko avvik mellom reguleringsplan og kommuneplanen. Planen manglar òg KU/ROS, som er relativt utfordrande for eit såpass stort industriområde under utvikling. Det er kome ønskje om kjøp av kommunalt areal i sør, der det er regulert både til bevaring/kulturminne og eldre avfallsplass. Status for desse areala må avklarast nærare.

Det blei utført ei overordna ROS-analyse for heile nordre del av Viganeset nord industri i samband med planarbeidet for fornying av 11 daa R142. Denne ROS-analysa omfatta ikkje sørlege del, men utfordringane ift standard tilkomstvegar frå RV13 til industriområdet er lik her som på nordre del av Viganeset. Dette tek reguleringsplanane for området ikkje høgde for.

Det er vedtatt i samfunnsdelen 2025 kap. **arealstrategien at Viganeset er prioritert som industri**. Ein viktig følgje av dette bør vere å sørge for oppdaterte reguleringsplanar, slik at arealbruken blir føreseieleg for aktuelle aktørar og for omgjevnaden rundt. Det er viktig for kommunen å ha tilstrekkeleg industriareal, men samstundes òg viktig å ha oppdaterte planar etter dagens gjeldande regelverk.

Det er òg viktig at ein i kommuneplansamanheng ser areala i samanheng; dvs med nordre del og eventuelle utvidingsareal jf mottekne innspel om utviding av industriformålet konkret her og behovet for tenlege næringsområde generelt sett kommunen.

«Gamle R54» er relativt dårleg i forvaltningssamanheng, og dersom det i kommuneplansamanheng nå blir opna for utviding av industriarealet, er det relevant å utarbeide ein ny reguleringsplan for heile Viganeset. Gjennom ein ny, heilskapleg plan kan ein avklare risikotema, gi føringar for betre og meir strukturert utnyttingsgrad og ta stilling til kva type næringsverksemd ein vil ha i området (og kva ein ikkje vil ha), og avklare interessemotsetnader og utfordringar jf KU/ROS under.

Viser elles til vurdering av R55 og til temanotat Næring, jf utvidingsforslag Viganeset + eige KU/ROS- notat for heile Viganeset utført av Vial

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår at arealet blir sett på i ein større samanheng for heile Viganeset inkludert utvidingsområde. Målet må vere at startar ein ein prosess med ny Omårdeplan for heile Viganeset straks etter at ny kommuneplan er vedtatt, og ein indirekte følgje av det er at dei gamle reguleringsplanane blir opphevas, og erstatta av ein ny/samla områdeplanen

Gjere følgjande i kommuneplanen:
Reguleringsplan R55 blir satt på lista over planar som skal opphevast.
Ta bort detaljeringssone reguleringsplan gjeld.
Legge området inn som framtidig industri/næringsområde med gjennomføringssone: Krav om ny felles områdeplan for eit større område.

2.15 R55 – «71/ Viganeset industriområde, nordre del»





Årstal planvedtak	2002
Føremål	På land: Industri + landbruk I sjø: trafikkområde,fiskeoppdrett, friluftsområde .
Status realisering	Denne planen er 24 år gammal, og eigentleg del av eldre/opphavleg plan for heile Viganeset, sør og nord, frå 1998. Endringa av nordre del i 2002 gjekk ut på å utvide industriområdet nordover med ca 16 daa fylling i sjø + nærare avklaring av sjølve sjøområdet. Regulert industriområde er delvis realisert med pågåande næringsdrift på fleire delar av planområdet. Kommunen eig veg-og kaiareal + strandlinje mot Ølesund. Elles er eigedommane eigd av private næringsaktørar. Heile industriarealet er sprengt ut/planert og opparbeidd med vegstruktur. Planen gir altså òg rom for stor fylling i sjø dvs utviding næringsområde ift dagens areal. Det er pr nå etablert molo/pir og mindre kaiareal. Planen gir rom for meir næringsutvikling/utbygging både på land og i/ved sjø. Området er

	ikkje intensivt utnytta pr i dag. Ein del masselagring på arealet. Delar av det opphavlege planområdet frå 2002 er endra med nyare reguleringsplanar: For sjøområdet i aust: Ny reguleringsplan **R169 Viganeset sjøområde**, som gir rom for akvakulturbasert næring/ventemerdar knytt til anlegg for fiskeslakteri (som dengong var planlagd på landsida) For landområdet ved kryss fylkesveg: Ny reguleringsplan for ca 11 daa blei erstatta med ny reguleringsplan R142 i 2014, som nå er stadfesta fornya i 2026: **planID 202403 Viganeset nord del av 71/1**, vedtatt 28.05.26.
Ubebygd areal (planreserven)	Alt byggeareal er opparbeida, dvs planreserve = 0
Markslag (ar5) for planreserven	Ingen planreserve. Arealet innafor byggeområdet stort sett av open fastmark eller bebygd
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplanen gjeld. Byggegrense mot sjø i formålsgrense industri. NB: Kommuneplanen overstyrer for landbruksteig i aust – lagt inn som framtidig industri - I1 (ikkje regulert)
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering
Planen er 24 år gammal, og er langt på veg realisert – under realisering. Det har pågått industribygging/utvikling på arealet kontinuering, siste nye er pågåande utbygging av oksygenfabrikk på nordre del. Kommunen eig ein kai vest i området der det pågår hydrogenbunkring.

Næringsformålet er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og vedtatt arealstrategi, der det er prioritert som eitt av dei to viktigaste industriområda i kommunen (saman med Svadberg/Årdal). Området ligg mot fjorden, og det er viktig å ha sjøretta næringsområder disponibelt, og arealet er her allereie tilrettelagd/planert ut (dvs «grått areal»/ikkje uberørt)
Det er såleis aktuelt og viktig å oppretthalde som næringsområde.

Men det er òg **utfordringar for vidare utvikling** av området:
Planen er gammal, relativ dårleg reint planteknisk, basert på eldre kartgrunnlag og det er ein del som ikkje stemmer mellom plan og utført situasjon og òg delvis avvik mellom reguleringsplan og overordna kommuneplan (som td jordbruk i reguleringsplan som er industri I1 i kommuneplanen) . Planen manglar òg KU/ROS, som er relativt utfordrande for eit såpass stort industriområde under utvikling.

Det blei utført ei overordna ROS-analyse i 2026 for heile nordre del av Viganeset nord industri i forbindelse med planarbeidet for fornying av 11 daa R142. Det blei avdekka utfordringar mellom

anna knytt til vegstandar på tilkomstvegar til industriområdet her og brann/eksplosjons-fare/farleg stoff var tema. Avbøtande tiltak som td rekkefølgjekrav og føringar for type verksemd er forøvrig ikkje innarbeidd i R55, og berre delvis i ny R142 (ny planID 202403)

Det er viktig for kommunen å ha slike sjøretta industri/næringsområde, men samstundes òg eit svært viktig fortrinn å ha oppdaterte planar etter dagens gjeldande regelverk og kunnskapsgrunnlag.

Arealet i aust er i denne eldre reguleringsplanen er regulert til **landbruk**, men overstyrt av kommuneplan 2019 med **framtidig industri**, I1. Her har det gjennom mange år vore ein pågåande arealbrukskonflikt mellom viktige næringar: landbruk og industri. Det er viktig at ein i kommuneplansamanheng igjen ser desse areala i samanheng; og òg i samanheng med Viganeset sør og i samanheng med mottekne innspel om utviding av industriformålet her på Viganeset og om «jakta» på tenlege næringsområde generelt sett.

Det er vedtatt i samfunnsdelen 2025 kap **arealstrategien at Viganeset er prioritert som industri**, og føringa for dette planarbeidet er at dette skal oppretthaldast som industri i neste arealdel. Ein viktig konsekvens av dette bør vere å sørge for oppdaterte reguleringsplanar, slik at arealbruken blir føreseieleg for aktuelle aktørar og for omgjevnaden rundt.

Ettersom «gamle R55» er relativt dårleg i forvaltningssamanheng, kan det vere relevant å sjå arealet i ein større samanhang, både med areala i sør og eventuelle utvidingsbehov , og sørge for å få utarbeidd ein ny heilskapleg plan for heile Viganeset. Dette kan vere ein områdeplan, slik òg Statforvaltaren har forventningar til (jf uttale i nyleg vedteken fornying av eit mindre område regplan 202403)

Det er òg andre tema i planen som kan vere viktig å ta endeleg stilling til; som td sjøområdet i Essvika : der er det i kommuneplanen lagt inn både som fiskeriområde FO 23 og friluftsområde, medan det i den gamle reguleringsplanen R55 er vist som reint friluftsområde (dvs ikkje samsvar mellom reguleringsplan og kommuneplan).

Som ein ser av KU/ROS nedanfor er det mange utfordringar og interessemotsetnader å ta stilling til, som då vil bli tema for avklaring gjennom ein ny/oppdaterte plan

Viser elles til vurdering av R55 og til temanotat Næring, jf utvidingsforslag Viganeset + eige KU/ROS- notat for heile Viganeset utført av Vial

Tilråding

Kommunedirektøren tilrår at arealet blir sett på i ein større samanheng for heile Viganeset inkludert utvidingsområde. Målet må vere at startar ein ein prosess med ny Omårdeplan for heile Viganeset straks etter at ny kommuneplan er vedtatt, og ein indirekte følgje av det er at dei gamle reguleringsplanane blir opphevas, og erstatta av ein ny/samla områdeplanen

Gjere følgjande i kommuneplanen:
Reguleringsplan R55 blir satt på lista over planar som skal opphevast.
Ta bort detaljeringssone reguleringsplan gjeld.

Legge området inn som framtidig industri/næringsområde med gjennomføringssone: Krav om ny felles områdeplan for eit større område.

2.16 R57 – «73/1 Barnevik, Fister»



Årstal på plan	1987
Føremål	Fritidsbustadar - hytter
Status på plan	3 av 9 hytter frådelt og bebygd 6 ubebygde hytter på oppside av fylkesveg 4678. Tunet på 73/1 ligg òg inne i planområdet, men er regulert til landbruk. Båtahamn regulert inn i sør: ikkje realisert
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 10 daa som ikkje er utbygd(6 tomter) og utgjer planreserven.
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplan gjeld, overstyrt med byggegrenser rundt dei 3 bygde tomtene + ekst naust ved sjøen
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 39 år gammal. Dei tre hyttene ved sjøen er eldre hytteeigedommar og var etablert då planen blei vedtatt. Ei fjerde hytte ved sjøen på 73/18 inngår ikkje som byggeområde i planen, men ligg i regulert landbruksområde. Det planen eigentleg la opp til av nye tiltak var etablering av 6 nye hytter på austsida av fylkesvegen + tilhøyrande båthamn. Dette er ikkje realisert.

Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav. Det har ikkje vore vist interesse for realisering sidan planen vedtatt.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Ved sjøen/vestside fylkesveg: Eksisterande hytter blir lagt inn som byggeformål med byggegrenser og generell føresegn om storleik. Eksisterande naust blir lagt inn som byggeformål naust med generell føresegn. Resten til LNF
- Austsida av fylkesvegen: hyttefelt, parkering og friområde: tilbakeførast til LNF
- Båthamn – endrast til vanleg sjøområde dvs. «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone»

2.17 R62 – «74-3 Midtre Fister»





Årstal på plan	1995
Føremål	Fritidsbustadar – to hytter
Status på plan	Ferdig utbygd
Ubebygd areal (planreserven)	6 daa
Markslag (ar5) for planreserven	3 daa skog og 3 daa fulldyrka innanfor planreserveren. To hytter er bygd, og her er arealtype «bebygd»
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan gjeld. Temakart jord-og flaumskred og steinsprang og snøras.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 31 år, realisert, men dei to bygde hyttene er ikkje plassert i tråd med plankartet/dels utanfor planområdet. Planen la opp til at det skulle vere utleigehytter, og slik er desse registrert. Står i planen at jordlova skal gjelde (ikkje kunne delast i frå).

Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav, og kan vere vanskeleg å tolke då utbygd situasjon ikkje stemmer med planen. Såleis har den begrensa forvaltningsverdi

Tilråding

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Eksisterande hytter: leggjast inn som byggeformål fritidsbustad : generell føresegn 110 m2
- Ubebygde areal: endrast til LNF



Figur2 1 Foreslått endring jf svart strekn -

2.18 R84 – «89/15,26 Børøy aust»





Årstal planvedtak	1996
Føremål	Fritidsbustadar
Status realisering	Delvis realisert: 2 av 3 hytter bygd.
Ubebygd areal (planreserven)	2 daa (1 tomt)
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Byggeformål fritidsbustad med detaljeringssone reguleringsplan gjeld + byggegrense mot sjø rundt dei to eksisterande hyttene .
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 30 år gammal, og veldig unøyaktig og dårleg planteknisk, utarbeidd på gammalt ØK-kartgrunnlag. Planen tilfredsstiller ikkje dagens krav til planlegging verken plantekniske eller ift dokumentasjonsgrunnlag. Tomtedelinga og hytteplasseringane stemmer ikkje med plankart, og realisering av ei eventuell ny hytte vil uansett medføre planendring. Planen er såleis pr nå uansett ikkje eit godt forvaltningsverktøy. Framtidig utbygging ligg direkte i strandsona, og i strid med nasjonale føringar/arealstrategi. Samstundes er det slik at det er to frådelte/bebygde hyttetomter med tilhøyrande felles brygge/naust.

Tilråding

Oppheve reguleringsplan

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- Legge dei to eksisterande hyttene inn som eksisterande byggeformål fritidsbustad, med justering av byggegrense i gjeldande KPA viser mot sjø, og elles tilpassa eigedomsgrenser. Areal mellom og i vest endrast til LNF.
- Eksisterande naust/brygge leggjast inn som byggeformål «annet byggeformål» naust + byggegrense rundt med generell føresegn.

- Endre formål langs sjøen og utanfor byggegrensene til LNF
- Føresegn: Legge inn ny føresegn for eksisterande byggeområde for hytter og naust/brygge.

2.19 R87 – 90/1,5 – «Grimsneset», Randøy





Årstal planvedtak	1999. Mindre endring 2007
Føremål	Fritidsbustad - 2 stk, naust og brygge
Status realisering	Ei hytte er bygd samt naust. Planen fins berre på papir og er heller ikkje i målestokk – difor vanskeleg å tolke.
Ubebygd areal (planreserven)	0 daa – område avsett til byggeføremål (i kommuneplan) er allereie planert og opparbeida
Markslag (ar5) for planreserven	0 (sidan definert som bebygd allereie)
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplanen gjeld. Byggegrenser rundt byggeføremål fritidsbustad i kommuneplan
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 27 år gammal. Reint planteknisk tilfredsstiller ikkje planen gjeldande regelverk, den er vanskeleg å tolke og er ikkje tilknytt offentleg kartgrunnlag.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen :

Eksisterande hytte kan oppretthaldast som byggområde fritidsbustad; avgrensast mot sjø + byggegrense og føresegn jf tabell.
Eksisterande naust og molo/brygge leggjast inn som byggeformål naust/brygge/småbåthamn med generelle føresegner.

Resten LNF

2.20 R95 – Gnr 102 og 103 - Årdal skule





Årstal planvedtak	1984
Føremål	Offentleg formål: skule, barnehage, kyrkje, gravplass, omsorgsenter(eksisterande og utvidingsområde i nord) Idrettsformål: fotballbane (eksisterande og utvidingsområde vest) Bustadformål og almennyttig formål(bedehus) + vegstruktur
Status realisering	Stort sett heile planområdet er realisert. Det ligg inne to urealiserte utvidingsområde, men desse er allereie overstyrt av kommuneplanen , gjeld idrettsformål i vest og offentleg formål/omsorgsenter i nord.
Ubebygd areal (planreserven)	0 daa
Markslag (ar5) for planreserven	Ca 8 daa fulldyrka jord: idrettsformål og ca 10 daa offentleg formål/institusjo
Status gjeldande kommuneplan	Mesteparten er lagt ut som tenesteyting + idrettsformål.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 42år gammal, og stort sett realisert. Den gamle reguleringsplanen inneheld mange av dei sentrale offentlege funksjonane i tettstaden Årdal, og har i så måte gjennom åra vore eit godt styringsdokument. Delar av planområdet blei endra i 2014 for å leggje om veg og gi rom for ny barnehage.

Delar av planområdet er allereie overstyrt av kommuneplanen, og det er såleis ikkje heilt samsvar mellom overordna plan og denne gamle planen. Det er uheldig.

Nå er helse- og omsorgstenestane i kommunen under omorganisering, og kommunen sjølv foreslår at dagens Omsorgssenter skal endrast til bustadformål saman med dei kommunale bustadane Såleis må det uansett gjerast ei større endring av den gamle planen. Ein ser det som vel så hensiktsmessig å få «rydde» i planbasen ved å oppheve denne gamle planen, gi rom for vidareutvikling på delar av planområdet og oppretthalde andre realiserte funksjonar gjennom forvaltning direkte etter kommuneplanen.

KU/ROS av endring til bustadformål: sjå temanotat 2.1 Bustad

Tilråding
Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:

Eksisterande/realiserte funksjonar kyrkje, barnehage og skule med tilhøyrande uteanlegg: Blir oppretthalde som tenesteyting med føresegner. Krav om felles plan for kyrkje, gravplass dersom framtidig gravplass T2 skal regulerast.
Bedehus: leggast som allmennyttig formål /bedehus med generell føresegn
Omsorgsenter og kommunale bustader: endrast frå tenesteyting til bustadformål, med krav om felles regulering for dei to tomtearala; samordne ift tilkomst og parkering td.
Bustadtomtene 102/11 og 14 leggjast ut som bustad, med føresegn om fortettingsmoglegheit og eventuelt krav om felles plan med dei to andre bustadformåla.



Eksisterande parkeringsplass og fotballbane: leggjast ut som idrettsformål.
Utvidingsområda i vest og nord: endrast til LNF

2.21 R128 – «47/4 Storaneset», Breilandsvatnet





Årstal planvedtak	2009
Føremål	Fritidsbustadar – 10 tomter
Status realisering	Teknisk plan godkjent i 2010. Veg i nordre del er bygd. Ingen hytter bygd.
Ubebygd areal (planreserven)	11 daa (regplan) til hytter
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan gjeld. Temakart snøras og jord/flaum-skred
Tidlegare KU/ROS	ROS-analyse til KPA 2006, men tilfredsstiller ikkje dagens krav. ROS-analyse til reguleringsplan 2009 – KonSul

Vurdering

Planen er 17 år gammal. Det er kun opparbeidd ein ca 100 m lang veg i nordre del av feltet, elles ikkje frådelt/utbygde tomter. Særleg dei fire tomtene på sørsida av vegen ligg sårbart til i forhold til vatn/våtmark – område.

Dersom feltet skulle vore vidareført måtte det vore utført ny ROS og naturkartlegging

Det er enda planreserve hyttetomter i Breilandsområdet i påbegynt feltutbygging, td R33 Breilandsvatnet vest

Tilråding
Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:
- tilbakeføre arealet til LNF.

2.22 R101 – «128/1-2 Kaltveits utmark» - Lyngsheia





Årstal planvedtak	1987
Føremål	Fritidsbustadar – 6 delområde med totalt 17 hytter
Status realisering	Delvis realisert: 7 hytter bygd fordelt på 4 av delområda
Ubebygd areal (planreserven)	10 ubebygde tomter, dvs ca 10 daa av planen som utgjer planreserven. Byggeområde avsett i kommuneplan er på 104 daa. Reguleringsplan fins berre på papir
Markslag (ar5) for planreserven	Skog, men noko myr.
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan gjeld
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 39 år gammal, er laga på gammalt/grovt/unøyaktig kartgrunnlag/dels flyfoto. Tilfredsstiller ikkje dagens krav til plan verken planteknisk eller innhaldsmessig /dokumentasjonskrav. Sjølv om delar av planen er realisert, dvs 7 av 17 planlagde hytter er bygd, tar ein likevel planen opp til planvask-vurdering då plangrunnlaget er gammalt og dårleg og denne type spreidd hyttebygging er ikkje i tråd med dagens føringar for arealplanlegging.

Tilråding

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:

- dei hyttene som er bebygd: leggjast inn som eksisterande byggeområde, med nummerering og tilhøyrande førsegner for utnyttingsgrad.
- tabell/nr : oppretthalde føresegner storleik 75m2
- dei delfelta som ikkje er bebygd: tilbakeførast til LNF

2.23 R106 – «142/21 – Nessa»



Årstal planvedtak	2001
Føremål	Fritidsbustadar, 2 tomter
Status realisering	Ikkje realisert
Ubebygd areal (planreserven)	1,4 daa til hytter
Markslag (ar5) for planreserven	skog
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan skal gjelde
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Planen er 25 år. Alderen og plantekniske standar på den er i seg sjølv kriterier for å vurdere oppheving. Den tilfredsstiller heller ikkje dagens krav til dokumentasjon og framstilling. Det har ikkje vore vist interesse for utbygging. Det ligg LNF-spreidd bustad på begge sider av eigedommen.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgande i kommuneplanen:

Implementere arealet inn i LNF-spreidd bustad SB16; sjå eiga vurdering.

2.24 R117 – «138 mfl Soppeland»



Årstal planvedtak	2007
Føremål	Masseuttak/råstoffutvinning med krav om tilbakeføring til landbruk.
Status realisering	Ikkje realisert, masse er ikkje tatt ut. Det er pågåande landbruksdrift. Det er rekkefølgjekrav om arkeologisk undersøking før uttak på deler av området
Ubebygd areal (planreserven)	Ikkje relevant (ikkje planlagd til bebyggelse)
Markslag (ar5) for planreserven	Ikkje relevant. Men mesteparten innafor planområdet er fulldyrka jord.
Status gjeldande kommuneplan	Framtidig råstoffutvinning og detaljeringssone om at reguleringsplanen skal gjelde. Grøntstruktursone langs Storåna.
Tidlegare KU/ROS	? Truleg ikkje....når kom den inn KPA? 2006 var den inne...

Vurdering

Planen er 19 år gammal og urealisert dvs ressursen er ikkje tatt ut.

Det er rekkefølgjekrav om arkeologisk utgraving før uttak, herunder vesentlege kostnader, som kan vere noko av årsaken til at ressursen enda ikkje er tatt ut. Det føreligg heller ikkje driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning og/eller driftsplan /MOP for uttaksområdet.

Planformålet som er brukt er ikkje lengre eit gyldig formål jf PBL, dvs planen er regulert til kombinert formål rekkefølgje masseuttak – jordbruk. Dette er ikkje i tråd med dagens standard, Ein vurderer såleis ikkje planen som tilstrekkeleg oppdatert som grunnlag for gjennomføring. Betyr at den uansett må fornyast/ gjennom ei vesentleg planendring/ for å kunne realiserast. Planformål som etter nyare forskrift er : råstoffutvinning/masseuttak.

Det er heller ikkje heimla rekkefølgjekrav om opparbeiding av g/s-veg langsmed RV 13 , sjølv om den er regulert inn.

Men eksisterande næring herunder råstoffutvinning sand/grus er ei prioritert og ressursen er her framleis med same verdi.

Kommunedirektøren vurderer det difor som at det er relevant å oppretthalde arealet som framtidig råstoffutvinning, men med krav om ny reguleringsplan før uttak.

Tilråding:
Oppheve den gamle reguleringsplanen

Gjere følgjande i kommuneplanen

Leggje arealet inn som framtidig råstoffutvinning med krav om ny reguleringsplan.

Føringar til planarbeidet:
Sikre/ta omsyn til vassdragssoner/Storåna. gang/sykkelveg langs RV13 må inngå i planen med rekkefølgjekrav ift uttaket.

KU/ROS: sjå temanotat Råstoffutvinning, der er det gjort KU/ROS av det framtidige ressursområdet.

2.25 R133 – «22/1 Bastbergeneset, RV13», Indre Ryfylkevegen





Årstal planvedtak	2011
Føremål	Utkikkspunkt langs RV13
Status realisering	Ikkje realisert
Ubebygd areal (planreserven)	Under 1 daa
Markslag (ar5) for planreserven	Veggrunn, open fastmark
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: reguleringsplan skal gjelde
Tidlegare KU/ROS	Ja ifm med regulering

Vurdering

Planen legg til rette for eit stoppunkt på nasjonal turistveg RV13 med parkering, toalett og trappekonstruksjon ned til sjøen for å dekke over eksisterande sprengsteinsfylling i området. Avkjørsel ut frå RV13. Det var Statens Vegvesen som initierte reguleringsplanen, då det på det tidspunkt var arkitektkonkurranse om utforming av arealet.

Statens Vegvesen har gått vekk frå den regulerte løysinga, og realiserer eit litt tilsvarande tiltak lengre vest ved RV13 (stopp-plass med kunstinstallasjonen «Vardafletta»). Viser til dispensasjonsvedtak AFU 026/26, sak 26/94, der det er omtalt at denne reguleringsplanen kan opphevast.

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen :
-RV13: blir lagt inn som samferdselslinje
- Tilbakeføre resten til LNF

2.26 R126 – «28/1 Melandsmoen/Vadla» - Jøsenfjorden





1. Hyttefeltet v/Melandsmoen





2. Småbåthamn og industriområde – Vadla

Årstal planvedtak	2009
Føremål	Planen er delt i to ulike område: Melandsmoen: Fritidsbustadar, 25 tomter + friluftsområde Vadla: industriområde og småbåthamn, fortau langs FV 4702
Status realisering	Utbygging ikkje påbegynt
Ubebygd areal (planreserven)	25 daa er regulert til fritidsbustadar, ca 7 daa industri og småbåthamn snautt 50 båtplasser
Markslag (ar5) for planreserven	Hyttefeltet: Skog/berg Industri: mesteparten/ca 5 daa dyrka mark, resten bebygd Småbåthamn: sjøområde + land: bebygd
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone «Reguleringsplan gjeld»
Tidlegare KU/ROS	ROS-vurdert til kommuneplan 2006. Tilfredsstiller ikkje dagens krav. ROS-vurdert i reguleringsplan 2007: Tilfredsstiller ikkje dagens krav

Vurdering:
Det har ikkje registrert interesse for realisering av feltet på dei 17 år sidan planen blei vedtatt, verken i hyttefelt eller industri/småbåthamn. Planen må KU/ROS-vurderast på nytt dersom den skal vidareførast. Naturkartlegging ikkje utført.

Hytter:

Feltet ligg i eit kupert område med mykje opne berg/fjellknausar. Utbygginga vil medføre relativt store terrenginngrep. Det er i tråd med arealstrategi om å oppheve eldre/urealiserte planar., og i tråd med strategi ift arealreserve for fritidsbustadar. Det er andre påbegynte/regulerte felt i Jøsenfjorden. Hyttebygging her kan bli i interessekonflikt med innspel om masseuttak på naboeigedom, som ifl grovsilingsvedtak 40/26 skal prioriterast.

Industri:
konflikt med arealstrategi jordvern, men i tråd med føring om næring. Men industriformålet her var primært knytt til lagring/tenester knytt til småbåthamna/hyttefeltet, og planformåla her heng såleis saman. Det er forøvrig to regulerte næring/industriformål i/ved Haugevika, slik at det framleis er ein reserve for formålet i planperioden.

Småbåthamn og fortau:

Småbåthamna er stor, og dimensjonert for ca 50 båtar, dvs halvparten knytt til hyttefeltet, men òg til andre/opne plasser. Hamna ligg på ein værhard/utfordrande stad i osen av elva Ulla, stort inngrep sjølv om det var tenkt som eit flytebryggeanlegg.

Gang-og sykkelveg langsmed fylkesvegen
dette inngår òg i denne planen, og kunne for så vidt vore hensiktsmessig å vidareført. Men g/s-vegen ligg på motsett side av resten av innregulert g/s-veg i retning Fjordahuset. Det mest tenlege var at g/s-vegen blei samanhengjande på same side. Dersom industriområdet utgår er det heller ikkje hensiktsmessig å ha g/s-vegen på sørsida.

Tilråding:

Oppheve planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen:
Eksisterande naust leggjast inn som anna byggeområde naust, med byggegrense og føresegn § generell Naust/brygger/småbåtanlegg.

Resten på land: Tilbakeførast til LNF
Småbåtanlegg i sjø endrast til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

2.27 R134 «142/1 mfl Nessavatnet hyttefelt»



Årstal på plan	2011
Føremål	Planen er delt i to delområde: Nord for Nessavatnet: hyttefelt 54 hytter + friluftsområde/landbruk og g/s-veg langsmed fylkesveg 4676. Ved/i sjøen: småbåthamn og g/s-veg langs fylkesveg 4676
Status på plan	Utbygging ikkje påbegynt
Ubebygd areal (planreserven)	44 da regulert til fritidsbustadar
Markslag (ar5) i planreserve	Hyttefelt: skog Landareal ved sjø: hovudsak innmarksbeite
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplan gjeld Temakart steinsprang og snøskred, jord og flaumskred for deler av området
KU/ROS	ROS-vurdert til kommuneplan 2006. Tilfredsstiller ikkje dagens krav. ROS-vurdert til reguleringsplan 2007: fokus på skred, men totalt sett tilfredsstiller ikkje ROS-en dagens krav.

Vurdering:

Etter at planen blei vedtatt har det ikkje blitt sett igong realisering. Deler av regulert hyttefelt ligg i område aktsomhetssone for snøras og jord/og flaumskred som ikkje var del av ROS-vurderinga ved regulering, men det er lagt inn rekkefølgjekrav om skredsikring på ein del av hyttene. Dersom hyttefeltet skal vidareførast må det føretas KU/ROS etter dagens standard, og planen må fornyast.

Det er ein etter måten detaljrik og gjennomarbeidd reguleringsplan, og den sikrar òg viktige fellesgoder som td friområde/friluftsformål, g/s-veg langs fylkesveg oa. Planen inneheld eit stor tal hytter 54 stk, og er tilknytt relativt omfattande/kostnadskrevjande infrastruktur med rekkefølgjekrav. Både endringar i hyttemarknaden sidan 2011 kombinert med omfattande rekkefølgjekrav (som td krav om strekningsvis utviding av fylkesveg, g/s-veg, båtplasser, kryssutbetring, rassikring av hytter, offentleg friområde) kan vere medverkande årsak til at planen ikkje er blitt realisert.

Det er elles mykje godt i planen, td g/s-veg langs deler av fylkesvegstrekninga. Men utan den auka trafikken som eit såpass stort hyttefelt ville ha generert, er det mogleg at behov for denne infrastruktur òg blir redusert.

Ettersom det ikkje har vore vist interesse for realisering og planreserven for framtidige hytter i Hjelmeland elles er relativt god, tilrår ein ut frå ei totalvurdering å oppheve planen.

Tilråding:

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen sin arealdel:

Delområdet i nord: Hyttefelt mm: Tilbakeførast til LNF
Delområde i sør ved sjøen:
- eksisterande bebyggelse/naust/brygger (langs ekisterande vannlinje): leggjast inn som anna byggeområde/naust/brygger/småbåtanlegg, med generell føresegn
- Framtidig naust N1, parkeringsplassar, privat småbåtanlegg land og g/s-veg endrast til LNF
- Fri/friluftsområde leggjast inn som LNF med omsynssone friluftsliv
- Kaste/låssettingsplass : endrast til fiskeområde som i gjeldande kommuneplan
- framtidig småbåthamn sjø og trafikkområde sjø endrast til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone»

2.28 R136 -58/29,30 «Hjelmeland Panorama Bustadfelt», Hjelmeland



Årstal planvedtak	2012
Føremål	Bustad – inntil 50 bueiningar og småbåthamn
Status realisering	Ikkje starta opp
Ubebygd areal (planreserven)	14 daa (bustad og veg)
Markslag (ar5) for planreserven	Fulldyrka: 5 daa Innmarksbeite: 8 daa Skog 1 daa
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplanen gjeld. Temakart Snøras, Temakart Kulturminne
Tidlegare KU/ROS	Ja, i reguleringsplanprosessen. Mellom anna grunnboring og skredanalyse. Likevel usikkert om samla ROS tilfredsstiller dagens krav.

Vurdering

Planen er 14 år gammal, og såleis ikkje innanfor kriteriet «eldre enn 15 år», men den er urealisert. Arealet til bustadfeltet er delt frå garden, og er nå eigd av Hjelmeland tomteutvikling AS.

Feltet har vore tema under planprosess for oppgradering av Burmavegen veg, vatn, avløp-prosjekt, som pågår nå. Formannskapet har i den samanheng vedteke at fortau ikkje skal regulerast lengre enn til Burmavegen 53, og at det ikkje skal skje utbygging av VA lengre nordover. Ei konkret følgje av dette er at både bustadfelt Hjelmeland Panorama og utbyggingsfelta i OmrådeplanSæbø-Flåtene utgår som bustadfelt. Viser til formannskapsvedtaka 45/25 og Desse vedtaka er òg stadfesta i formannskapet sitt grovsilingsvedtak til kommuneplanen, sak 40/25 og 67/25

Tilråding
Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen :
Alt på land endrast til LNF

Småbåthamn endrast til «bruk og vern av sjø og vassdrag»

2.29 R147 Gullbergvika bustadfelt – Randøy



Årstal planvedtak	2015
Føremål	Bustadfelt med 23 framtidige einebustader og eitt leilegheitshus med 6 einingar; dvs tilsaman 30 nye bueiningar. Tilhøyrande småbåthamn. Strandsona regulert til friluftsformål, med gangveg langs sjøen. Tilkomst frå fylkesveg.
Status realisering	Ingen planlagde tiltak er utbygd eller realisert. Tomtene er heller ikkje frådelt.
Areal til byggeføremål i plan /planreserve	Ca 35 daa
Markslag ubebygd areal (planreserven)	Innmarksbeite ca 13 daa Fulldyrka jord ca 11 daa Snautt 15 daa skog, høg bonitet.
Status gjeldande kommuneplan	Bustadformål med detaljeringssone reguleringsplan gjeld.
Tidlegare KU/ROS	Ja, men tilfredsstiller truleg ikkje dagens standard.

Vurdering

Denne reguleringsplanen er «kun» 11 år gammal, og såleis ikkje innanfor aldreskriteriet for planvask (eldre enn 15 år) .

Men heile området er urealisert, og det er gjort naturkartlegging i området som viser artsrik eng; kartlagd: Engaktig sterkt endra fastmark i 2018, med høg og moderat kvalitet + beiteskog med låg kvalitet. Difor er det gjort ei vurdering om mogleg planvask at planområdet.



Omsynet til naturverdien veg tung her, og dessutan ser ein ikkje behov for desse 30 nye bustadtomter på Randøy. Ein har frigjeve/regulerte tomter i nærområdet, td Øye bustadfelt (sjå vurderinga av den i kap 4.6) og òg eksisterande bustadområde med rom for fortetting + LNF spreidd andre stader på Randøy, tilsaman ca 30 bustader (altså 60 viss ein inkluderer dette feltet)

Ein vurderer det som behov for areal for bustadbygging såleis er ivareteke for Randøy, og oppheving av reguleringsplanen vil vere i tråd med arealstrategien : «*vurdere eksisterande bustadreserve i forhold til gjeldande folketal og forventa utvikling i den aktuelle bygda, dvs. meir samsvar mellom reserve og behov*».

Tilråding

Oppheve planen

Gjere følgjande i kommuneplanen:
Landområdet: Endre til LNF
Sjøområdet: ta ut småbåthamn, endre til «bruk og vern av sjø og vassdrag»

2.30 R153 -58/1,2 «Områdeplan Sæbø- Flåtene», Hjelmeland



Årstal planvedtak	2016
Føremål	Bustad
Status realisering	
Ubebygd areal (planreserven)	72 daa (66 daa bustad + 6 daa samferdsel)
Markslag (ar5) for planreserven	Fulldyrka: 49 daa Innmarksbeite: 15 Skog: 6 Open fastmark: 1
Status gjeldande kommuneplan	Reguleringsplan gjeld Temakart snøras, Temakart kulturminne,
Tidlegare KU/ROS	

Vurdering

Det er i gjeldande kommuneplan rekkefølgjekrav knytt til utbetring av Burmavegen før etablering av meir enn 15 nye bueiningar. I samband med handsaming av ny reguleringsplan for Burmavegen vedtok formannskapet (FSK sak 042/25 og 067/25) at vegen ikkje skal utvidast med fortau og tilstrekkeleg breidde til å imøtekome rekkefølgjekrava i kommuneplanen. Det vart samtidig vedtatt at del av områdeplan Sæbø – Flåtene skulle opphevast i samband med rullering av kommuneplanen. Tilrådinga følgjer dette vedtaket. Vedtaket vart stadfesta i sak 040/26 om grovsiling av innspel til rullering av kommuneplanen.

Tilråding

Oppheve reguleringsplanen

Gjere følgjande i kommuneplanen :
Eksisterande bustader (som ikkje er del av landbrukseigedommar) blir oppretthaldne som bustadformål med generelle føresegner

Det delområdet som omfattar påbegynt detaljreguleringsplan **R188 Sæbø bustadfelt** blir vidareført som bustadformål (med plankrav)

Resten av arealet blir tilbakeført til LNF

3 Reguleringsplanar foreslått redusert/endra

3.1 R43 – «59/ Prestagarden 2» – Hjelmeland



Årstal planvedtak	1979
Føremål	Bustadfelt med tilhøyrande veganlegg
Status realisering	Mestepartene av tomtene er realisert i nord. 4 ledige tomter i nord. 14 urealiserte bustadtomter i sør
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 15 daa, derav 11 i søndre del av reguleringsplan, som er overstyrt av kommuneplanen.

Markslag (ar5) for planreserven	Skog og innmarksbeite
Status gjeldande kommuneplan	Kommuneplanen overstyrer i sør – arealet er alt endra frå bustad til LNF + Omsynssone natur N 57. rik sump og kildeskog. 
Tidlegare KU/ROS	Nei.

Vurdering

Denne planen er 57 år gammal, men er framleis eit forvaltningsverktøy for nordre del. Optimalt sett burde ein hatt ein ny/oppdatert plan på heile området; men i nordre del gjenstår det kun fortetting med få tomter, og infrastruktur er på plass

Dei 14 ubebygde tomtene i sør er eigentleg i realiteten allereie vaska ut gjennom gjeldande kommuneplan frå 2019, men reint formelt er ikkje denne delen av den gamle reguleringsplanen oppheva. Dette tomtearealet ligg på kommunal grunn, og det er eigentleg ein formalitet å få korrigert planbasen med å oppheve denne delen av reguleringsplanen.

Tilråding

Oppheve den del av planen som gjeld dei 14 ubebygde tomtene i sør med tilhøyrande tilkomstveg. Ein må såleis starte opphevingsprosess på planen.

Gjere følgjande i kommuneplanen :
Delområdet i sør er allereie korrigert i gjeldande kommuneplan, LNF.

3.2 R47 – «62/ Sande», Hjelmeland



Årstal planvedtak	1999, Store/sentrale deler av den opphavlege planen er erstatta av ny reguleringsplanar:R170 Sande ferjkai, 2018.
Føremål	I restområdet for planen: Forretning, friområde/par/badeplass, turisme/utleigehytter, hytte, bustad, vegformål,
Status realisering	Delvis realisert med unntak av reiselivsområde i sør.
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 3,5 daa (reiseliv i sør)
Markslag (ar5) for planreserven	skog
Status gjeldande kommuneplan	Delvis overstyrt av kommuneplan: Den del av R47 som ligg på nordsida av RV13 + bustadtomt på sørsida gjeld vidare Den del av R47 som ligg på sørside av RV13 blir lagt ut som framtidig reiseliv RL7 og friområde, og blir overstyrt av kommuneplanen. Der er det krav om felles plan for større område. Mindre tiltak i tunområdet er tillatt jf gjeldande R47, sjå retningslinje for RL 7.
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Store delar av planen er uansett overstyrt av kommuneplanen, med plankrav for søndre del. Ein tilrår difor å oppheve reguleringsplanen på den delen som ligg på sørsida av RV13

Tilråding

Splitte reguleringsplanen, behalde reiseliv med krav om reguleringsplan
Behalde planen på nordsida med formåla RV13, forretningsområdet
Slette deler av plan på sørsida av RV13

Gjere følgjande i kommuneplanen:

Nordside av RV13: Reguleringsplan R47 oppretthaldast
Sørside av RV13: Behalde formåla som i gjeldande kommuneplan, dvs reiseliv og grøntstruktur og bustadtomt (inkl byggegrense mot Fylkesveg/generelle føresegn
Ta bort detaljeringssone «reguleringsplan gjeld» for denne del.

4 Reguleringsplanar foreslått vidareført

4.1 R123 – 39/2 – Giskelid», Vormedalen





Årstal planvedtak	2008
Føremål	Hytter
Status realisering	Delvis realisert: Alle 4 tomter er frådelt, men berre 1 hytte er bygd. Det er bygd veg til alle tomtene
Areal til byggeføremål i plan /planreserve	Planreserven på dei tre ubebygde tomtene utgjer 3 daa
Ubebygd areal (planreserven)	Open fastmark
Status gjeldande kommuneplan	Detaljeringssone: Reguleringsplan gjeld. Omsynssone: Verna vassdrag, temakart_Snøras,
Tidlegare KU/ROS	ROS- sjekkliste 2008

Vurdering

Det er starta realisering av planen, og veg er allereie opparbeidd. Det er ei relativ beskjeden utbygging med kun fire tomter. Er ikkje direkte i strid med føringar. Tomtene ligg klar for utbygging. Planen er enkel og det er samsvar mellom plan og utførte tiltak. Arealet var innanfor omsynssone verna vassdrag òg når den blei godkjent, og arealbruken er såleis avklart ift dette omsyn.

Tilråding

Vidareføre planen

KU/ROS:

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd**, delar av området er kartlagd som naturskog etablert før 1940.
Naturresursar		Rådyr, hjort og elg?
Jordbruk		Open fastmark i AR5
Skogbruk		Liten del av området har barskog av middels bonitet.
100-metersbeltet		Ikkje relevant
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Ingen registreringar kulturminne, Viktige landskap i Rogaland – Området rundt Fundingsland
Friluftsliv og nærmiljø		Ingen kjent konflikt.
Vasskvalitet og vassmiljø		Vorma – Verneplan for vassdrag
Forureining og klimagass		Ingen kjent konsekvens.
Tettstadsutvikling		Ikkje relevant.
Bumiljø og folkehelse		Hytter, god tilgang til natur og friluftsliv. Ikkje universelt utforma
Born og unge		Natur og leik
Teknisk infrastruktur		Straum, men ikkje vatn.
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant
Transportbehov/ trafikkmengd		FV4682, 300 ÅDT (18% lange køyretøy) Truleg betydeleg lågare tall ved området.
Næring og sysselsetjing		Ikkje relevant
Beredskap		20,3 km til brannstasjon

Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		
Grunnforhold, kvikkleire		Ikkje relevant
Erosjon		Ikkje kartlagd lausmasser i kommunen
Rasfare	3,2	Jord- og flaumskred, snøskred og delvis steinsprang.
Flaumfare	3,1	Aktsemdsområde flaum. Området er på øvre sida av vegen, og er derfor ikkje flaumutsett frå Giskelivatnet, men fare frå lia.
Klima	1,1	Ingen spesiell risiko?
Trafikktryggleik	1,3	Lite trafikkert veg, men smal og 80 sone. Relativt oversikteleg ved innkøyrsel.
Forureining	1,1	Ingen spesiell risiko
Tørkesituasjonar, skog-/lyngbrann	1,3	Ingen spesiell risiko
Radon	1,2	Moderat til låg
Samferdselsårer	1,1	Ingen spesiell verknad
Offentleg tenester/ beredskap	1,1	Ingen spesiell verknad
Samlokalisering		Ikkje relevant
Storulykke, farleg stoff		Ikkje relevant
Andre risikoforhold		

4.2 R56 – «73/1, Barnevik tømmerkai», Fister





Årstal planvedtak	1999
Føremål	Industri og tømmerkai
Status realisering	Tømmerkai og veg er realisert, industri ikkje utbygd
Ubebygd areal (planreserven)	Ca 12 daa ubygd industriareal
Markslag (ar5) for planreserven	Skog
Status gjeldande kommuneplan	Industri. Detaljeringssone reguleringsplan gjeld + krav om felles regulering med framtidig utvidingsområde i aust , I15
Tidlegare KU/ROS	Nei

Vurdering

Området har vegtilkomst, og delvis tatt i bruk til pågåande næringsformål: tømmerkai/utskiping . Det ligg tett inntil framtidig industriområde I15, med krav om felles reguleringsplan. I kommuneplanen ligg òg moglegheit for utviding/forlenging av eksisterande kai. Næringsformålet er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og vedtatt arealstrategi, og det er viktig å ha sjøretta næringsområdet disponibelt. Dagens bruk av området verkar å være godt tilpassa og har få negative konsekvensar for andre omsyn. Ein bør samstundes være varsam med meir intensiv drift på området, då dette kan slå negativt ut på fleire område.

Tilråding

Vidareføre planen.

KU/ROS:

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		**Ikkje kartlagd**
Naturresursar		Ingen spesielle observasjonar, litt usikker med tanke på sjø.
Jordbruk		Fulldyrka rett sør for området

Skogbruk		Lauvskog av varierande bonitet.
100-metersbeltet		Kai og industri ved sjøen
Kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø		Nasjonalt viktig landskap – Fisterøyane og austlege del av Fogn
Landskap		Området er godt synleg frå sjøsida og frå Randøy. Med dagens bruk er området ikkje spesielt pregande i landskapet, då det berre består av ei kai med låg profil. Ei vidare utbygging vil derimot ha potensial til å bli pregande i landskapsbiletet, særleg dersom det blir aktuelt med sprenging og utviding av arealet, samt oppføring av næringsbygg.
Friluftsliv og nærmiljø		Fisterfjorden – svært viktig friluftsområde
Vasskvalitet og vassmiljø		Vassførekomst Ølesundet, dårleg økologisk tilstand, tiltak må vurderast mot §12 i vassføreskrifta.
Forureining og klimagass		Ingen kjent risiko ved utbygging. Sjenerande industri vil kunne ha negative konsekvensar ved luft og støy forureining. Dagens bruk har liten negativ konsekvens, då det blir brukt til lagring og transport av tømmer.
Tettstadsutvikling		Ikkje relevant
Bumiljø og folkehelse		Fastbuande 250 meter i frå kai, hytte innanfor 100 m. Fleire hytter i området. Være forsiktig med sjenerande industri, men dagens bruk har liten negativ effekt.
Born og unge		Auka tungtrafikk vil potensielt ha negative effektar på tilknytte vegar og grender.
Teknisk infrastruktur		Straum i området, men ikkje vatn. Kapasitet straumnett?
Sosial infrastruktur		Ikkje relevant
Transportbehov/ trafikkmengd		FV4678, 473 ÅDT (13% lange køyretøy) Dårleg kollektivtilbod.
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		8,1 km til brannstasjon
Risiko og sårbarheit - Tryggleik og beredskap		

Grunnforhold, kvikkleire	3,2	Deler av området i aktsemdsområde kvikkleireskred.
